



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 08.12.2015

---

**Sak nr.:** 15/12772-5

**Internt l.nr.:** 53444/15

**Sak:** 71/15

**Tittel:** **Nei til kommersialisering av rutene på Florø lufthamn**

**Behandling:**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fråsegn frå fylkestinget i Sogn og Fjordane

**Nei til kommersialisering av rutene på Florø lufthamn**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane viser til sin høyringsuttale i samband med innspel til ny konsesjonsrunde for FOT ruter i Sør-Norge frå 1. april 2016. I fråsegnen kom fylkestinget i Sogn og Fjordane med ei klår åtvaring mot kommersialisering av rutene på Florø lufthamn. I etterkant konstaterer Fylkestinget at Samferdsledepartementet har vedteke at rutetilbodet på Florø Lufthamn skal vere kommersielt frå 1. april 2016.

Etter at Samferdsledepartementet gjorde sitt vedtak om kommersialisering er heilt vesentlege føresetnader for departementet sitt vedtak falle vekk.

Ein vesentleg føresetnad for departementet sitt vedtak var ein forventet auke i trafikken over lufthamna. Det motsette har skjedd. Aktiviteten innan petroleumssektoren har gått betydeleg ned. Dette råkar Vestlandet spesielt og Flora regionen er mellom dei områda som er hardest råka. Passasjertala for Florø Lufthamn har gått ned med 13.4% sidan oktober 2014, medan trafikken offshore er redusert med 19.6 %.

Vi registrerer at det er varslet reduksjon i tal flyavgangar frå april 2016, samstundes som det er varslet ein betydeleg auke i billettprisane. Størstedelen av trafikken over Florø lufthamn er næringsretta og Fylkestinget er sterkt uroa over dei skadeverknadane for næringslivet i regionen som eit redusert og uføreseieleg flytilbod til kunne medføre. Fylkestinget vil særleg framheve dei mogeleg konsekvensane for helikoptertrafikken til Nordsjøen. Denne trafikken utgjør ein betydeleg del av trafikkgrunnlaget for lufthamna.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane oppmodar derfor på det sterkaste om at ein snarast mogeleg gjer om avgjerda om å kommersialisere rutene over Florø lufthamn. Situasjonen har endra seg så dramatisk at ei omgjering er det einaste som kan sikre næringsliv og privatreisande eit stabilt og føreseieleg rutetilbod dei kommande åra.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 28 røyster og vart dermed vedteken.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Fråsegn frå fylkestinget i Sogn og Fjordane

**Nei til kommersialisering av rutene på Florø lufthamn**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane viser til sin høyringsuttale i samband med innspel til ny konsesjonsrunde for FOT ruter i Sør-Norge frå 1. april 2016. I fråsegna kom fylkestinget i Sogn og Fjordane med ei klår åtvaring mot kommersialisering av rutene på Florø lufthamn. I etterkant konstaterer Fylkestinget at Samferdsledepartementet har vedteke at rutetilbodet på Florø Lufthamn skal vere kommersielt frå 1. april 2016.

Etter at Samferdsledepartementet gjorde sitt vedtak om kommersialisering er heilt vesentlege føresetnader for departementet sitt vedtak falle vekk.

Ein vesentleg føresetnad for departementet sitt vedtak var ein forventa auke i trafikken over lufthamna. Det motsette har skjedd. Aktiviteten innan petroleumssektoren har gått betydeleg ned. Dette rår Vestlandet spesielt og Flora regionen er mellom dei områda som er hardest råka. Passasjertala for Florø Lufthamn har gått ned med 13.4% sidan oktober 2014, medan trafikken offshore er redusert med 19.6 %.

Vi registrerer at det er varsla reduksjon i tal flyavgangar frå april 2016, samstundes som det er varsla ein betydeleg auke i billettprisane. Størstedelen av trafikken over Florø lufthamn er næringsretta og Fylkestinget er sterkt uroa over dei skadeverknadane for næringslivet i regionen som eit redusert og uføreseieleg flytilbod til kunne medføre. Fylkestinget vil særleg framheve dei mogelege konsekvensane for helikoptertrafikken til Nordsjøen. Denne trafikken utgjør ein betydeleg del av trafikkgrunnlaget for lufthamna.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane oppmodar derfor på det sterkaste om at ein snarast mogeleg gjer om avgjerda om å kommersialisere rutene over Florø lufthamn. Situasjonen har endra seg så dramatisk at ei omgjerding er det einaste som kan sikre næringsliv og privatreisande eit stabilt og føreseieleg rutetilbod dei kommande åra.